

D. 15/3. 1991. (Nr. 5)

SAMFUNNSLIV

Nordlands Fremtid (Ap) Bodø 4/2 -91:

Massemedia, Hanna og de andre

Det bastante forsøket fra massemedia på å «korsfeste» statsminister Syse her i haust, minte atskillig om hetsen i 1945 da kravet om blod for media syntes å være en lystopplevelse.

Syse klarte seg, så vidt det var, men er seinere sammen med sitt parti blitt: «Svarteper».

Massemedia har ofte ei hemningslaus makt. Det er massemedia som er de «rettferdige», og derfor skal bestemme. De rår for kva som skal opp, og kva som skal ned — og kva som skal ha lov til å komme fram.

Hanna Kvanmo har vore sterk, og vel også temmelig heldig. No har massemedia ridd henne opp på skumtoppane. Hanna har oppnådd å bli «kapitalist».

Hanna har skrive ei bok. Det står ikkje stort i den, anna enn det vi har hørt frå før om trasige familieforhold m.v. Men kva med de andre? De som verkeleg var ved fronten og opplevde redslene, og hjelpte «venner» og «fiender»?

Massemedia har sagt «njet». Ikkje eit ord om rødekorssøstrene som sto på i all elendighet.

Redaktør Aarheim, Målselv (født i 1950-åra) sendte ut eit intervju til landets aviser med bilete og namn på fire rødekorssøstre — som ikkje berre var rødekorssøstre — men

faktisk også søstre i sinn og skinn.

Det burde ha vore tre-stjernesstoff!

Men njet, massemedia var stengt. Berre ei lita avis på Levanger hadde plass. Det er slik det er, fremdeles, dersom ein skriv om ting som ikkje skal fram.

I «Sataniske glør» har eg intervju med to namngitte rødekorssøstre som forteller om sine opplevelser. Eg har kalla kapitelet: «Skammens Glitertind». Men ikkje eit ord i massemedia. Nekt for omtale. Joda, det er slik det er. Men no er det faktisk en advokat som har kasta seg fram. Han har angra så fælt at han var med og flådde håret av to tyskertauser i Tromsø. Han bruker fremdeles utnamn på disse, og er ikkje sikker på kven de er eller var, men han håper de vil kontakte han!

Å kor det er ekkelt —.

Her gjeld om å få stort oppslag for å tjene pengar. Aldri har grådigheita vore så stor som i dag, særlig blant de rike.

Var det berre to tyskertauser i Tromsø under krigen, burde vel advokaten i «Sort kappe» kunne vite kven det var. Og når han har angra seg så sårt, burde det ha vore råd med eit brev til unnskyldning eller bønn om tilgiving, på alle disse 45 år.

Arne Stornes